



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 15.06.2023
Møtestad: Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 18:35

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Frode Hjønnvåg	Frp
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Silje Sulen Gullaksen	H
Paul Erling Rognsvåg	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Arild Magne Karlsen	Ap
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Erling Herøy	H
Ingard Kåre Kahrs	H
Jan Erling Borge	Ap
Ove Gunnar Nilsen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Otto-Andre Nordby	H
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Magnar Knapskog	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Berit Karin Rystad, Bjarte Villanger, Kristin Handeland, Pål-Eirik Holgersen

Sakliste

Saknr	Tittel
025/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
026/23	Godkjenning av møtebok
027/23	Referatsaker
028/23	Årsmelding og rekneskap for 2022
029/23	Tertialrapport og budsjettregulering 1. tertial 2023
030/23	Utilfredstillande arbeidsmiljø i kommunehuset
031/23	Ombygging av Hjartebanken - anbod
032/23	Reiselivskoordinator på Fedje - prosjekt
033/23	Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgavefelleskap
034/23	Revisjon av risiko og sårbarhetsanalyse (ROS)
035/23	Revisjon av beredskapsplan, administrativ del
036/23	Møteplan haust 2023
037/23	Eventuelt
038/23	Busetjing av flyktningar

025/23: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 025/23 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

026/23: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 026/23 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

027/23: Referatsaker

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 027/23 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

028/23: Årsmelding og rekneskap for 2022

Formannskapet 06.06.2023

Behandling:

F - sak 037/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2022 slik det ligg føre. Udekka beløp i investeringsrekneskapen vert dekkja av fond.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

Reisjonsjefen var tilstades under behandlinga av saka.

K - sak 028/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2022 slik det ligg føre. Udekka beløp i investeringsrekneskapen vert dekkja av fond.

029/23: Tertialrapport og budsjettregulering 1. tertial 2023

Formannskapet 06.06.2023

Nytt forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Fedje formannskap vurderer den økonomiske situasjonen for Fedje kommune som særskilt urovekkjande.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast, og seinast innan førstekommende kommunestyremøte, leggje fram eit notat som gjer inngåande og konkret greie for meirutgiftene på dei ulike delane av stillingsbudsjettet, samt ei talfesta og konkret oppstilling og er den aktuelle inndekkinga, post for post, inkludert dei nyoppretta stillingane.

Formannskapet ber vidare om at kommunedirektøren gjer nærare greie for kva som ligg i merknadane til kommunedirektøren om innsparing, effektivisering og bruk av fondsmidlar i tertialrapporten. Kva slags tiltak gjeld det, og i kor stort omfang?

Behandling:

Formannskapet røysta ikkje over kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

F - sak 038/23 Vedtak:

Fedje formannskap vurderer den økonomiske situasjonen for Fedje kommune som særst urovekkjande.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast, og seinast innan førstkommande kommunestyremøte, leggje fram eit notat som gjer inngåande og konkret greie for meirutgiftene på dei ulike delane av stillingsbudsjettet, samt ei talfesta og konkret oppstilling og er den aktuelle inndeckinga, post for post, inkludert dei nyoppretta stillingane.

Formannskapet ber vidare om at kommunedirektøren gjer nærare greie for kva som ligg i merknadane til kommunedirektøren om innsparing, effektivisering og bruk av fondsmidlar i tertialrapporten. Kva slags tiltak gjeld det, og i kor stort omfang?

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Kommunestyret, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for fyrste tertial.

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet og forslag til vedtak fremsett av ordførar Stian Herøy (H) vart sett opp mot kvarande når kommunestyret voterte i saka.

K - sak 029/23 Vedtak:

Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for fyrste tertial.

Samrøystes vedteke.

030/23: Utilfredstillande arbeidsmiljø i kommunehuset

Arbeidsmiljøutvalet 01.06.2023

Behandling:

AMU - sak 003/23 Vedtak:

Arbeidsmiljøutvalet har ansvar for at dei tilsette sin fysiske og psykiske helse og trivnad i kommunen er tilfredsstillande, og ber difor om at kommunen finn andre løysingar enn å nytte kommunehuset som arbeidsplass.
Samrøystes vedteke.

Formannskapet 06.06.2023

Behandling:

F - sak 035/23 Vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande.
Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 030/23 Vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande.
Samrøystes.

031/23: Ombygging av Hjartebanken - anbod

Formannskapet 06.06.2023

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet
Formannskapet finn det naudsynt å stanse ombygginga av Hjartebanken inntil vidare.

Behandling:

Hans Erik Waage fekk permisjon frå møtet klokka 1933, han var ikkje med å handsama sak 039/23
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek å bygge om Hjartebanken til nytt kommunehus ved å løyve 6,2 millionar til ombygginga, og gir administrasjonen mynde til å forhandla med Åsane Byggmesterforretning AS og Helland Elektro AS.

Det vart ikkje røysta over kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

F - sak 039/23 Vedtak:

Formannskapet finn det naudsynt å stanse ombygginga av Hjartebanken inntil vidare.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

Vedtak frå formannskapet:

Formannskapet finn det naudsynt å stanse ombygginga av Hjartebanken inntil vidare.

K - sak 031/23 Vedtak:

Kommunestyret finn det naudsynt å stanse ombygginga av Hjartebanken inntil vidare.

Samrøystes vedteke.

032/23: Reiselivskoordinator på Fedje - prosjekt

Formannskapet 06.06.2023

Behandling:**F - sak 032/23 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å løyve 50 000,- til Fedje Maritime Næringsråd til ein reiselivskoordinator.
Midlane skal takast av budsjettet for 2023, og som er satt av til reiseliv.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

Jan Erling Borge (AP) ba om å få vurderinga av gildskapen sin. Han er innvalt i styret i Fedje Maritime Næringsråd.

Kommunestyret er samd i at representanten Jan Erling Borge (Ap) er ugild i behandlinga av denne saka sidan han er styremedlem i Fedje Maritime Næringsråd. Jan Erling Borge (Ap) deltok ikkje i behandlinga av saka.

K - sak 032/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å løyve 50 000,- til Fedje Maritime Næringsråd til ein reiselivskoordinator. Midlane skal takast av budsjettet for 2023, og som er satt av til reiseliv Samrøystes vedteke.

033/23: Samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forurensning Bergen region kommunalt oppgavefellesskap

Formannskapet 06.06.2023

Behandling:**F - sak 034/23 Vedtak:**

Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgavefellesskap. Smrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:**K - sak 033/23 Vedtak:**

Fedje kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgavefellesskap. Smrøystes vedteke.

034/23: Revisjon av risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)

Formannskapet 06.06.2023

Behandling:

F - sak 033/23 Vedtak:

Kommunestyret tar heilskapleg risiko og sårbarheits analyse for Fedje kommune (ROS) til vitande». Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 034/23 Vedtak:

Kommunestyret tar heilskapleg risiko og sårbarheits analyse for Fedje kommune (ROS) til vitande». Samrøystes vedteke.

035/23: Revisjon av beredskapsplan, administrativ del

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 035/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert beredskapsplan for Fedje kommune, administrativ del slik den ligg føre. Samrøystes vedteke.

036/23: Møteplan haust 2023

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

K - sak 036/23 Vedtak:

Formannskap: 19. september klokka 1715. 17. oktober klokka 1715. 28.november klokka 0900.
30.november klokka 0900.

Kommunestyret: 28. september klokka 1715. 26. oktober klokka 1715 (konstituerande møte).
14. desember klokka 1715.
Samrøystes vedteke.

037/23: Eventuelt

Kommunestyret 15.06.2023

Behandling:

Spørsmål sendt inn av Gidske Borge Kolltveit (Ap):

I og med at vi har fire leger i turnus, så lurer vi på hvorfor vi blir uten lege i en periode i sommer.

Svar frå ordførar Stian Herøy (H):

Vi har alltid lege 24/7 på Fedje. Legene går i sin faste turnus også i sommer. Fastlegekontoret er i redusert drift fordi sykepleier er på ferie. Det er ikke budsjettert med vikar for sykepleier i sommer, og det er heller ikke tradisjonelt/historisk vært gjort i tidligere år.

K - sak 037/23 Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.

038/23: Busetjing av flyktningar

Kommunestyret 15.06.2023

Busetjing av flyktningar, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Etter anmodning frå IMDI vedtar Fedje kommune å ta i mot inntil 15 flyktningar for 2023

Behandling:

Ordførar Stian Herøy (H) tok opp saka i møtet.

K - sak 038/23 Vedtak:

Etter anmodning frå IMDI vedtar Fedje kommune å ta i mot inntil 15 flyktninger for 2023.

Samrøystes vedteke.
